




TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 14

Telefaks 53 43 70 11



Hordaland fylkeskommune
Skyss
Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 07.04.2014

Saksnr.
12/1367

Dok.nr
2640/14

Arkivkode
700

Avd/Sek/Saksh Dykkar ref.
FSK/RAD/STDAL

KOLLEKTIVSTRATEGI FOR HORDALAND

Frå møte i formannskapet 26.03.14, saknr. 23/14.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

«Tysnes kommune merkjer seg hovudpunkta i Kollektivstrategi for Hordaland.

Tysnes kommune er positive til å vurdera meir fleksible kollektivstrategiar for vegtransport i eigen kommune. Me føreset at eit slikt tilbod vert utvikla i tett dialog mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune.


Før Kollektivstrategi for Hordaland kan bli eit viktig styringsverktøy for å utvikla tilbodet, må dokumentet som no ligg føre, supplerast med strategiar som tek opp satsingar for betre samordning av sjø- og landbasert transport. Ei slik samordning har potensial til å auka talet på kollektivreisande frå distrikta vesentleg.

Tysnes kommune ser det som urovekkjande at Kollektivstrategi for Hordaland knappast tek opp sjøbaserte satsingar i det heile. Me vil på det sterkaste oppmoda om at det vert arbeidd vidare med dette!»

* * *

./ Me legg ved kopi av møteboka for sak 23/14.

Med helsing
Tysnes kommune


Steinar Dalland
rådmann

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 12/1367 -
Arkivkode: 700

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 23/14	FORMANNSKAPET	26.03.2014

KOLLEKTIVSTRATEGI FOR HORDALAND

- Vedlegg:**
1. Kollektivstrategi Hordaland- høyring
 2. Kollektivstrategi for Hordaland

SAKSUTGREIING:

Det vert vist til vedlagde høyringsutkast for kollektivstrategi for Hordaland.

Kollektivstrategi Hordaland byggjer på Regional Transportplan for Hordaland 2013 - 2024 og vil vera Skyss sitt viktigaste styringsdokument i for å utvikla kollektivtilbodet frametter.

Mykje av strategidokumentet konsentrerer seg, naturleg nok, kring dei store befolkningsentra. Kollektivtransport har også viktige funksjonar der folk ikkje bur likte tett, for å oppretthalda ein grad av mobilitet hjå dei som ikkje nyttar bil.

For Tysnes kommune sitt vedkomande er det særskilt viktig å merkja seg at Skyss ønskjer å samordna offentleg transport i område som er tynt befolka. Det er i den samanheng interessant å merkja seg at det vert lagt til at skuleskyssen, som er grunnstamma i det lokale tilbodet, kan utviklast til å nå fleire målgrupper. Føresetnaden er at det kan gjerast utan å svekka tilbodet til skuleelevene.

Skyss opnar også for meir fleksible strategiar med mindre køyrety og behovstilpassa køyring. Rådmannen trur det vil vera positivt å arbeida saman med Skyss langs ein slik akse, det må i den samanheng strekast under behovet for ei god lokal medverknad i ei slik omlegging.

Det er også interessant å merkja seg at Skyss ynskjer å utvikla gode regionstamliner i Bergens-området, for vårt vedkomande vil det då særskilt vera stamline Os- Bergen som er interessant. Ei utvikling av denne lina må ha ambisjon om å også fanga opp større deler av trafikken frå ferjesambanda på Halhjem. For å lykkast med å flytta trafikk her frå bil til buss må det også leggjast til rette for dagparkering i nærleiken av ferjestøa.

Tilsvarande er det positivt å merkja seg ambisjonen om å binda regionen saman mot Sunnhordland og Haugalandet.

I eit fylke som Hordaland der sjøvegen framleis er ei viktig kommunikasjonsnerve er det skuffande at kollektivstrategien i så lita grad tar opp problemstillingar knytt til transporttilbodet på sjø, og ikkje minst samanheng mellom veg- og sjøbasert transport. For å lukkast med å gje effektive reisetilbod må Skyss i langt større grad ta opp i seg samordning mellom sjø- og landtransport. Dei ferjesambanda Tysnes kommune har både Hodnanes – Jektevik og Våge – Halhjem ber i dag mykje biltrafikk inn i befolkningssentra rett og slett på grunn av at det ikkje finnes fornuftig samordning mellom ferje – buss og snøggbåttrafikk. I særskilt grad er Halhjem eit stort trafikknutepunkt mellom Bergen og Sunnhordland, det er såleis påfallande at dette knapt nok er omtalt i Skyss sine tankar om å vidareutvikla regionstamliner i Bergensområdet.

Det er elles svært lite som står om båt og ferjetrafikk i Kollektivstrategi for Hordaland, i hovudssak er det omtala i samband med at Skyss vil redusera miljøbelastning frå båt og ferjetrafikk. I det heile ber Skyss sine tankar om sjøtransport veldig lite spenst i seg!

Rådmannen gjer framlegg om slik uttale til Kollektivstrategi for Hordland.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune merkjer seg hovudpunkta i Kollektivstrategi for Hordaland.

Tysnes kommune er positive til å vurdere meir fleksible kollektivstrategiar for vegtransport i eigen kommune. Me føreset at eit slikt tilbod vert utvikla i tett dialog mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune.

Før Kollektivstrategi for Hordaland kan bli eit viktig styringsverktøy for å utvikla tilbodet, må dokumentet som no ligg føre, supplerast med strategiar som tek opp satsingar for betre samordning av sjø- og landbasert transport. Ei slik samordning har potensial til å auka talet på kollektivreisande frå distrikta vesentleg.

Tysnes kommune ser det som urovekkjande at Kollektivstrategi for Hordaland knappast tek opp sjøbaserte satsingar i det heile. Me vil på det sterkaste oppmoda om at det vert arbeidd vidare med dette!

VEDTAK I FORMANNSKAPET 26.03.2014:

I samsvar med innstilling.